



## ELDRID OFTESTAD (f.1973)

Eldrid Oftestad har studert ved Universitetet i Bergen. Ho er journalist og har jobba for fleire aviser og magasin.

### FØR DU LES

Kva kjenneteiknar ein enkét?

- **OM TEKSTEN** Tekstane vart publiserte under «Mitt ord»
- i avisa Klart og kort i 2013.

## ” MITT ORD

### Snakkar alltid om middag

Paal Moddi Knutsen, muskar

#### – Kva er ditt favorittord?

– «Svult'n». Som tyder «svolten».

#### – Korfor liker du dette ordet så godt?

– Fordi det er uråd å uttale for andre enn oss som kjem frå Senja i Troms. Det er stor moro når vi er i Europa og byrjar å snakke om språk.

#### – Kva ord liker du ikkje?

– «Konsekvensutgreiing». Det gir inntrykk av å vere noko det ikkje er, nemleg å skaffe informasjon utan å velje side i saka.

#### – Kva er eit typisk muskarord?

– «Middag». Alle lurar alltid på når det er middag. Og det er alltid for lenge til.

#### – Kva ord bruker du for å skildre deg sjølv?

– «Student» og «musikant».

| uråd – umogleg

| utgreiing – orientering

## ” MITT ORD

### Snill og rar

Ingrid Gjessing Linhave, programleiar i NRK

#### – Kva er ditt favorittord?

– Eg er frå Bergen, og der seier folk «saaant?» i staden for «ikkje sant?».

#### – Korfor liker du dette ordet så godt?

– Det er vel ein slags hyggeleg slutt på ei setning der eg prøver å oppmuntre. Eg prøver å dra i gang den eg snakkar med.

#### – Kva ord liker du ikkje?

– «Misforstå meg rett». Eg vert heilt forvirra. Misforstå på ein rett måte er jo heilt tullerusk å seie.

#### – Kva er eit typisk programleiarord?

– «Velkomen!» «Takk for at du kom.» «No skal vi ...».

#### – Kva ord bruker du for å skildre deg sjølv?

– «Ujålete», «snill», «rar», «følsam», «sky og sosial» og «praktisk».



## OPPGÅVER

### Sjå på form

- 1 Korleis er spørsmål og svar markerte i tekstane?
- 2 Korleis kan ein sjå at kvar tekst er ein enkét?

### Finn informasjon

- 3 Kven er intervjuar, og kvar kjem dei frå?
- 4 Kva for ord liker kvar av dei godt, og kvifor?

### Tolk og reflekter

- 5 Får du vite noko anna om intervjuobjekta enn det som kjem direkte fram i svara? Forklar.
- 6 Kva for ord og uttrykk liker ikkje intervjuobjekta? Er de einige i forklaringane deira? Diskuter.

### Ta teksten vidare

- 7 Vel éi av oppgåvene:
  - a Lag ein enkét og film når du intervjuar. Bruk gjerne dei same spørsmåla som teksten, og la fem ulike personar svare.
  - b Lag tre spørsmål til ei rundspørjing innanfor eit tema som du er spesielt oppteken av. Gjennomfør rundspørjinga. La fem personar svare, gjerne frå ulike aldersgrupper.

### TIPS

Finn ut meir om Paal Moddi Knutsen på nettstaden [www.moddi.no](http://www.moddi.no), eller søk på Ingrid Gjessing Linhave på [www.nrk.no](http://www.nrk.no) for å bli betre kjend med henne.

■ Når du skal utforske tekst – sjå *Analysehjelpa*, s. 410